



Bergan Bygg As
Solbjørgsdalen 84
5282 LONEVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/910 - 23/7831

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
04.04.2023

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/231 Valestrand

Tiltak: Oppføring av einebustad
Eigedom: Gbnr: 137/231
Tiltakshavar: Sigbjørn Kverndal Reigstad
Ansvarleg søkjar: Bergan Bygg As

Kommunen syner til søknad motteken 23.03.2023.

Motteken situasjonsplan og teikningar har ei avmerking og ein fargebruk som kan føre til at eigedomen ser større ut enn han faktisk er.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan og teikningar i samsvar med gjeldande reguleringsplan og eksisterande eigedomsgrenser.
2. Utomhusplan som syner avkøyrslé, snuareal og parkering i samsvar med eigedomsgrenser og utgreiing i høve til nabomerknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1.

Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergan Bygg As
Sigbjørn Kverndal Reigstad

Solbjørgsdalen 84
Lyngmarka 19b

5282
5302

LONEVÅG
STRUSSHAMN